



Møteprotokoll

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested: Billingen Skjåk

Dato: 22.11.2022

Tidspunkt: 09:00 - 15:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Marianne Bugge	Medlem	LUSTER
Per-Gunnar Sveen	Medlem	IFK
Rolv Enersvold	Medlem	LOM
Edel Kveen	Leder	SKJÅK
Jo Trygve Lyngved	Nestleder	SKJALM

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Øvre-Flo	Medlem	VLFK

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Mark Taylor	Sonja Øvre-Flo	VLFK

Merknader:

Til stades: Øyvind Angard, SNO

Øvrige frammøtte:

Navn _____

Stein Magne Grevrusten

Trygve Snøtun

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 26/22	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 27/22	Behandling av dronesøknader i Breheimen nasjonalpark		2022/11134
ST 28/22	Breheimen nasjonalpark - Glittervatnet - Oppføring av ny Glitterbue - Skjåk allmenning		2022/10149
ST 29/22	Breheimen nasjonalparkstyre - Midlar til drift av nasjonalparkstyret - 2023.		2022/11260
ST 30/22	Breheimen nasjonalparkstyre - Tiltaksmidler - 2023 - Prioritering av tiltak og midler		2022/11260
ST 31/22	Breheimen NP - 2022 - Besøksstrategi - 2. gongs behandling.		2021/2684
ST 32/22	Delegerte vedtak		
DS 23/22	Delegert vedtak - Breheimen NP m.fl. - Dispensasjon - Søk etter storfe ved bruk av drone - Hege Haugen		2022/10075
ST 33/22	Eventuelt		

ST 26/22 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 22.11.2022

Behandling

Jo Trygve Lyngved melder seg mogleg ugild i sak28/22, noko styret er samd i.

Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent.

Jo Trygve Lyngved er kjent ugild i sak 28/22.

Førebuingstid er sett til 4 timer.

I tillegg til styreleiar skal Mark Taylor og Jo Trygve Lyngved skrive under protokoll.

ST 27/22 Behandling av dronesøknader i Breheimen nasjonalpark 2022/11134

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 22.11.2022

Behandling

Orientering om saka av forvaltar.
Poengtret av styret at det er viktig med likehandsaming.

Vedtak

Samrøystes som innstilt av forvaltar.

ST 28/22 Breheimen nasjonalpark - Glittervatnet - Oppføring av ny Glitterbue - Skjåk allmenning 2022/10149

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 22.11.2022

Edel Kveen	Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Skjåk allmenning avslag på oppføring av ny Glitterbu etter innsendte teikningar, jf. verneforskrift for Breheimen § 3, pkt. 1.3 h). Styret har vektlagt at utforminga av planlagt hytte/bu ikkje er tilpassa eksisterande bygningsmiljø, og slik er med på å endre landskapet, jf. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen kapittel 3.5. Det gjeld særskilt bruk av fleire vindauge og større takutstikk enn det som er vanleg byggeskikk. Eit løyve til endring av lokal byggetradisjon kan vidare gi uønska presedensverknad overfor andre aktørar i framtida. Med nokre endringar vil styret vere positiv til innsendt alternativ 2. Endringane gjeld mindre vindauge og slett vegg utan innhuk ved inngangsdøra. Dette vil vere betre tilpassa lokal byggetradisjon i området. Nye teikningar må sendast inn og vurderast på nyt.
------------	--

Behandling

Jo Trygve Lyngved er ugild i denne saka og gjekk difor ut av møtet ved handsaminga. Orientering om saka av forvaltar. Styret er positiv til at Glitterbu kan rivast og settast opp med same storleik og bruk som tidlegare. Styret meiner også at det vil vere positivt for villrein om bua/hytta blir flytta nærmare eksisterande bygg ved Glittervatnet. For best mogleg samlokasjon av menneskeleg aktivitet vil alternativ 2, 3 og 4 på kart over aktuelle stader vere best. Om det er snakk om å flytte bua/hytta må dette også avklarast etter anna lovverk, som til dømes plan- og bygningslova.

Styret vektlegg i handsaminga lokal byggeskikk og presedens for liknande saker i framtida. Styret meiner at det er noko mykje glasoverflater på teikningane og at innhuken ved inngangsdøra ikkje er vanleg byggeskikk. Innhuken ved inngangsdøra er med på å gjere takutstikket ekstra langt.

Vedtak

Forslag frå forvaltar: 0
Forslag frå Edel Kveen: Samrøystes.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Skjåk allmenning avslag på oppføring av ny Glitterbu etter innsendte teikningar, jf. verneforskrift for Breheimen § 3, pkt. 1.3 h).

Styret har veklagt at utforminga av planlagt hytte/bu ikkje er tilpassa eksisterande bygningsmiljø, og slik er med på å endre landskapet, jf. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen kapittel 3.5. Det gjeld særskilt bruk av fleire vindauge enn det som er vanleg byggeskikk. Eit løyve til endring av lokal byggetradisjon kan vidare gi uønska presedensverknad overfor andre aktørar i framtida.

Med nokre endringar vil styret vere positiv til innsendt alternativ 2. Endringane gjeld mindre vindauge og slett vegg utan innhuk ved inngangsdøra. Dette vil vere betre tilpassa lokal byggetradisjon i området. Nye teikningar må sendast inn og vurderast på nytt.

ST 29/22 Breheimen nasjonalparkstyre - Midlar til drift av nasjonalparkstyret - 2023. 2022/11260

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 22.11.2022

Behandling

Orientering av forvaltar.

Vedtak

Samrøystes som innstilt frå forvaltar.

ST 30/22 Breheimen nasjonalparkstyre - Tiltaksmidler - 2023 - Prioritering av tiltak og midler 2022/11260

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 22.11.2022

Behandling

Orientering av forvaltar.

Styret ønskjer om å be Miljødirektoratet om meir SNO-ressurser til:

1. Nasjonalparkstyret ber om meir SNO-ressurser til ekstra tilsyn for å ta vare på villrein i grenseområda mot tamrein.
 2. Nasjonalparkstyret ber Miljødirektoratet og SNO om ressurser og tilgang til å levere DNA-prøvar av rovdyr i utsette område på sommarstid.
- Styreleiar og forvaltar kan skrive eit brev til Miljødirektoratet.

Vedtak

Samrøystes vedtak som innstilt frå forvaltar.

Styret vedtok vidare å be Miljødirektoratet om meir SNO-ressurser til to punkter:

1. Nasjonalparkstyret ber om meir SNO-ressurser til ekstra tilsyn for å ta vare på villrein i grenseområda mot tamrein.
2. Nasjonalparkstyret ber Miljødirektoratet og SNO om ressurser og tilgang til å levere DNA-prøvar av rovdyr i utsette område på sommarstid.
Styreleiar og forvaltar vil skrive eit brev til Miljødirektoratet.

ST 31/22 Breheimen NP - 2022 - Besøksstrategi - 2. gongs behandling. 2021/2684

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 22.11.2022

Behandling

Orientering av forvaltar. Nye kapittel er komne med: klima og klimatilpassing, villreinnormen og ny sårbarhetsvurdering av grottene i Dumdalen.

Besøksstrategien treng ein språkvask, gjennomgang av tiltaksplanen, gjennomgang av kjeldelista, samt lage eit samandrag.

Styret ønskjer endeleg handsaming av besøksstrategien i juni-møtet.

Vedtak

Samrøystes som innstilt av forvaltar.

Endeleg vedtak av den ferdige besøksstrategien vil skje i junimøtet 2023.

ST 32/22 Delegerte vedtak /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 22.11.2022

Behandling

Tatt til orientering.

Vedtak

Som innstilt av forvaltar.

ST 33/22 Eventuelt /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 22.11.2022

Behandling

Møtekalender vart etterspurt. Forvaltar vil lage den når møtekalenderane i dei ulike kommunane er klar.

Vedtak

Forvaltar lagar møtekalender for styret så snart møtekalenderane i kommunane er klar.